

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 7. november 2017

Skype-møte  
Kl. 14.00-15.00

**Til stades:** Lisbeth Morlandstø (leiar), Lin Prøitz, Magnus Hoem Iversen, Anne Mette Bjørgen (fast vara for Tine Eide t.o.m. mai 2018) og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Marika Lüders, Balder Holm

### 1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

### 2. Referat frå styremøte 10. oktober 2017

Godkjent utan merknader.

### 3. Orienteringar

- **Innmeldingar:** Ingen nye sidan sist (10. oktober).
- **Medieforskarkonferansen 2018, komité for heiderspris og formidlingspris:** Det viser seg at det skulle vore sett ned komité på nordisk medieforskarkonferanse i Tampere august 2017, men dette vart ikkje gjort. Styret kjem tilbake til saka etter jul.
- **Medieforskarkonferansen 2018, jury for beste masteroppgåve:** Styret ynskjer å behalda juryen frå sist, dvs. Håvard Vibeto, Anne Marit Myrstad og Hans Fredrik Dahl.
- **Medieforskarkonferansen 2018, gruppeleiarar:** Dei fleste har sagt ja til å halda fram, eller har funne nye leiarar. Terje følgjer opp med dei som ikkje er på plass.
- **Nettsida:** Lin har snakka med Christine (studentassistent). Framleis problem med publisering av referat (2016-17 har forsvunne). Medlemene av laget er skeptiske til å klikka på MailChimp-lenkja (trur det er reklame). Lin tek kontakt med Kristoffer Eliassen (utviklar for [www.medieforskerlaget.no](http://www.medieforskerlaget.no)) og finn ut kor mykje det vil kosta å yta support for å ordna det som ikkje fungerer.

### 4. Oppseiing frå nettansvarleg

Christine (studentassistenten) har fått ny jobb og har sagt opp jobben som nettansvarleg. Magnus undersøker om det er andre frå mastergruppa på UiB som kan overta jobben.

I mellomtida oppdaterer Magnus framsida, og testar om MailChimp fungerer slik me ynskjer. Lin tek kontakt med Kristoffer Eliassen (nettutviklaren) for å løysa uteståande tekniske problem, og spør samstundes om han kan oppdatere lista over kven som får kopi av skjemaet for nye medlemmer ([Ragnhild.Molster@uib.no](mailto:Ragnhild.Molster@uib.no) og [roswitha.skare@uit.no](mailto:roswitha.skare@uit.no) skal ut, [Anne-Mette.Bjorgen@hil.no](mailto:Anne-Mette.Bjorgen@hil.no) skal inn).

## **5. NordMedia Malmø 2019**

Lisbeth kan ikkje stilla på planleggingsmøte fredag 10. november. Lin steppar inn.

Malmøkomiteen har m.a. bedd om tilbakemelding på konferanselokasjon. Styret ser det ikkje som problematisk om konferansen finn stad i Malmø sentrum i staden for utanfor byen (heller tvert om).

## **6. Eventuelt**

Ingen saker.

Neste møte: 12. desember 2017 kl. 14-15

Terje Skjerdal (ref)